

FAU MØTE ONSDAG 08.06.22 KL 18.00 - HYSTAD SKULE

SAKLISTE:

24/21 - 22: Økonomi

FAU fekk inn 19027,- på 17. mai. FAU har no totalt kr 55416. Elevrådet har kr 7962,-. Ligg nokre kontanter som blir nytta i temaveka, men som er FAU sine.

25/21 - 22: Kan det ligga ulike dugnader på ulike klassetrinn?

FAU leiar spelar inn om FAU skal være eit organ som gjennomfører ulike prosjekt eller eit organ som førelser og ser til at det vært gjennomført? Sikre gjennomføring feks gjennom dugnad på dei ulike trinna.

Det vært føreslått eit årshjul for å få gjennomført div på dugnad for skulen/ skulemiljøet. Tema vil bli fulgt opp i neste FAU møte.

26/21 - 22: Foreldreundersøkinga

Undersøking er ikkje gjennomført på ei lang stund. Ikkje heilt enkelt å sjå korleis sluttbrukar såg invitasjon/ påminning.

Var ein travel periode. Burde informert betre. Har lært og vil bli betre neste gong. Fekk inn 106 svar

Sjå vedlegg 1

Med bakgrunn i resultat vil skulen ha fokus på:

- *Informasjon frå skulen, kjennskap og forventningar, læring og utvikling*
- *Motivasjon, støtte frå lærarane og trygt skulemiljø*

27/21 - 22: Rektor presenterer ny organisering av skulen

Guro Lund ansett som avd.leiar, samt som lærar på 1-4. trinn.

Wibekke H Balchen avd. leiar og lærar på 5-7. trinn, samt assisterande rektor

Det er også sosiallærer på 1-4. trinn og på 5-7. trinn, samt leselærer.

Sjå vedlegg 2

28/21 - 22: Læringsmiljøprosjektet, pulje 6

Hystad skule er saman med Furuly barnehage med i Utdanningsdirektoratet sitt "Skulemiljøprosjekt, pulje 6". Læringsmiljøsenderet står for gjennomføringa av prosjektet. Prosjektet går over 2 år.

Det er laga ei styringgruppe i kommunen. Oppstartsmøte i august. Hystad skule har eiga arbeidsgruppe som skal jobbe med implementering.

Betre på å skape eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing og trakkasering i skulen, samt korleis dei skal handtere saker om dette tema.

29/21 - 22: Nytt skuleadministrativt system

Stordskulen vil ta i bruk nytt skuleadministrativt system frå Wisma. Kommunikasjon mellom skule og heim vil foregå i dette systemet.

- *Største digitale fagsystemet i Stord kommune*
 - *Alle elevar*
 - *Alle føresette*
 - *Alle tilsette*
- *Alt blir papirlaust og sikkert*
- *Opplæring før sommaren og aug/sept for tilsette*

Tilleggspunkt frå Pål:

Det er kome eit innspel frå ein føresett med spørsmål om kva som skjer om ein melder inn mobbing på Hystad skule og korleis er situasjonen på skulen i dag?

- Når ein melder inn sak om mobbing gjer skulen følgjande:
 - Set i gong undersøking innan ei veke. Samtalar med elevar, føresette, elevgrupper, samt involverer lærarar – for å få ei heilskapleg bildete av situasjonen
 - Utarbeider aktivitetsplan. Med problem formulering, forskningsorienterte tiltak og evlueringspunkt
 - Vidarefører aktivitetsplanen, evt med nye tiltak til skulemijøet er trugt for den aktuelle eleven
- Skulen har pr i dag svært få saker med aktivitetsplan


30/21 - 22: Ymse:

- **Parkour bana:** parkour bana er sett på vent. Dei vil heller setje opp ei stasjonær basket korg. Dette arbeidet er på gang.
- **Sommarfesten:** Det står i invitasjon til sommarfest at den er i regi av FAU, dette kjenner ikkje FAU seg att i 😊. Pål tenkjer at det heng att i at det var FAU som ein gong vedtok sommarfesten. Ser at det er litt ulikt kva informasjon dei ulike klassetrinna har fått ang sommarfesten. Vil få dette inn i årshjulet slik at det blir avklart kva som er forventa av FAU, klassekontakter og foreldre ved sommaravslutning.
- **Skulepc:** Det vært etterlyst retningslinjer for bruk av skulepc ift når den skal med heim. Kvar dag? Helg? Feriar? FAU vil spele dette inn med ønske om at det vært laga retningslinjer for bruk av pc/ heim.
- **17. Mai toget:** Med bakgrunn i innspel om å la 17. Mai toget gå ei rundtløype vart det vedteke at dette vil bli gjennomført frå 17. Mai 2023. Dette bla grunna trafikktryggleik ved kyrkja. Akutell løype vil ein komma tilbake til.
- **Hjartesonemål:** Forslag om at det vert bestemt eit tidspunkt for når elevane skal møte ved Hjartesonemåla for å kunne gå saman med andre. Føreslått kl 08.00, slik at eleven veit at til det kl.slettet så møter ein endre elevar.


Ref: Cecelie H. Alfredsen

Vedlegg 1


Trivsel




Motivasjon




Støtte fra lærerne




Trygt miljø




Informasjon fra skolen




Kjennskap og forventninger




Utviklingssamtalene



Læring og utvikling



Skolefritidsordningen (SFO) 1



Vedlegg 2

Nytt organisasjonskart - Hystad skule

